

Ola K. Feste (eigar gnr 70 bnr 5) (tidl. Lindås kommune)

Haukåsvegen 18

5912 Seim

Feste 29.01.20

Til Alver kommune

post@alver.kommune.no

Flytebryggje med landfeste i gnr 70 bnr 27 (tidl. Lindås kommune).

Denne flytebryggja er ikkje i samsvar med løyve gjeve 29.04.87.

Korkje plassering, storleik eller bruk av flytebryggja er i samsvar med løyve. Dette tilhøvet har vore teke opp med kommunen fleire gonger. Førebels ser det ut til at alle freistnader på å få eigar til å rette seg etter det løyvet som vart gjeve, har stogga i administrasjonen. Dersom administrative og politiske vedtak skal ha meining for ålmenta, må gjennomføringa vera i samsvar med vedtak. Slik må det også vera i denne saka.

Å få på plass ei flytebryggje som held seg innanfor dei storleiks- og plasseringsavgrensingane som løyvet frå 29.04.87 gjev og som vert brukt slik løyvet gjev høve til, er overordna alle tiltak som er med i reguleringsplanen for Feste kai- og næringsområde.

Ber difor om at Alver kommune syter for at vedtaket vert gjennomført i samsvar med løyvet frå 29.04.87.

Mvh.

Ola K. Feste

